

Merethe Vindenes
Reikeråsvegen 69
5913 Eikangervåg

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2773 - 22/38591

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
19.05.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 24/3 Fammestad

Tiltak: Søknad om arealoverføring
Byggjestad: Gbnr 24/3,15
Tiltakshavar: Merethe Vindenes og Morten Tveit

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 28.03.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Arealet som de søkjer om som tillegg til gbnr 24/153 er sett av til LNF (Landbruk, Natur og Friluftsliv) i kommunedelplan for Lindås. Det må derfor søkjast om dispensasjon frå arealformålet for å få lagt arealet til bustadtomta. Informasjon om dispensasjon finn ein mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#) og i vedlagte skriv.
2. Det er kryssa av for anna under tiltaket si art i skjemaet. Ein går ut frå at det er arealoverføring det vert søkt om. Dersom ein får løyve vil arealet då gå inn i gbnr 24/153 utan at det vert oppretta eit eige bruksnummer på tillegget.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 19.06.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Informasjon til tiltakshavar og søkjar om dispensasjon(458297)

Mottakarar:

Merethe Vindenes
Morten Tveit

Reikeråsvegen 69
Reikeråsvegen 69

5913 Eikangervåg
5913 Eikangervåg